

Kultur- og kyrkjedepartementet 28. april 2009

Språkstatistikk for departementa for 2007 og 2008

Det er fastsett i § 1 i forskrift til lov om målbruk i offentleg teneste at Kultur- og kyrkjedepartementet skal føra tilsyn med gjennomføringa av målbruksreglane. Som ledd i tilsynsarbeidet registrerer vi målform og sidetal i alle proposisjonar og meldingar etter kvart som dei ligg føre. Ved slutten av kvart kalenderår ber vi dessutan dei andre departementa senda inn sjølvregistrerte oppgåver over målbruk i anna tilfang som kjem inn under hovudreglane i § 8 første ledd i mållova.

Desse reglane seier at statsorgan som har heile landet som tenestekrins, skal syta for at rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. som organet lagar, vekslar mellom målformene slik at det blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei. Dersom organet finn grunn for det, kan slikt tilfang gjevast ut i begge målformer. I § 6 i forskrifta til lova er det fastsett at ei rimeleg kvantitativ fordeling vil seia at ingen av dei to målformene skal vera representert med mindre enn 25 prosent.

Den siste språkstatistikken som vart offentleggjort, gjaldt kalenderåret 2006 og viste at tekstar på nynorsk i proposisjonar og meldingar for første gong kom opp i minstekravet på 25 prosent. Tala for dei to siste åra, 2007 og 2008, viser ein mindre nedgang, til i underkant av 23 prosent, jf. tabell 1.

I sjølvrapportert dokumenttilfang frå departementa var det derimot ein auke dei to siste åra, frå om lag 15 prosent nynorsk i 2006 til 21,5 prosent i 2007 og 2008. Desse tala gjeld for mindre dokument, så som pressemeldingar, stillingsannonsar og andre dokument på mindre enn 10 sider, jf. tabell 2. I større dokument, definert som dokument på over 10 sider, var nynorskprosenten i 2007 og 2008 berre vel 8 prosent. Dette er ikkje mykje annleis enn tidlegare år, jf. tabell 3.

Av dei tre tabellane går det fram at det er til dels store skilnader i nynorskprosent dei ulike departementa imellom.

Dersom vi ser heile den siste treårsperioden 2006–2008 under eitt, var det åtte av i alt 17 departement som oppfylte minstekravet på 25 prosent i proposisjonar og meldingar, fleire av desse med svært klar margin. Suverent best var Fornyings- og administrasjonsdepartementet med heile 85 prosent nynorsk, mens Helse- og omsorgsdepartementet låg klart på botnen med knapt 6 prosent. Når det gjeld kvart enkelt av dei andre departementa, viser vi til den siste kolonnen i tabell 1.

Når det gjeld rapport nynorskprosent i andre slags dokument under 10 sider, var det fem departement som hadde minst 25 prosent nynorsk alle dei tre siste åra. Dette var Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Samferdselsdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og

kyrkjedeutementet. På den negative sida må vi notera et det var heile sju departement som ikkje kom opp i 25 prosent nynorsk verken i 2006, 2007 eller 2008.

I dokumentkategorien over 10 sider, dvs. alle større dokument utanom proposisjonar og meldingar, er det nesten ingen av departementa som kan rapportera om minst 25 prosent nynorsk.

Tabell 1. Stortingsdokument – nynorskprosent etter sidetal

Departement	1994-2008	2006	2007	2008	2006-2008
1. Landbruks- og matdepartementet	51,4	61,9	44,5	39,0	46,9
2. Kunnskapsdepartementet ¹	45,4	58,0	69,7	42,0	55,1
3. Miljøverndepartementet	29,4	37,4	42,8	45,3	41,9
4. Fornyings- og adm.dep. ²	22,6	92,1	91,5	70,2	85,1
5. Kultur- og kyrkjedeutementet ³	32,2	12,6	27,1	27,0	25,4
6. Kommunal- og regionaldep. ⁴	16,9	33,0	8,9	19,1	21,4
7. Olje- og energidepartementet ⁵	11,6	23,4	35,9	21,3	27,3
8. Samferdselsdepartementet	19,5	27,4	65,2	53,9	47,2
9. Justis- og politidepartementet	12,1	35,0	12,6	7,2	18,5
10. Utanriksdepartementet	18,4	16,0	20,8	16,1	17,6
11. Arbeids- og inkluderingsdep. ⁶	8,9	18,0	4,7	17,4	13,6
12. Fiskeri- og kystdepartementet	22,5	27,5	43,6	21,3	33,7
13. Forsvarsdepartementet	9,6	11,1	24,6	6,3	14,8
14. Barne- og likestillingsdep. ⁷	12,6	1,8	2,7	33,9	19,7
15. Finansdepartementet	9,1	12,8	9,2	14,4	11,9
16. Helse- og omsorgsdep. ⁸	6,7	11,8	0,3	7,8	5,8
17. Nærings- og handelsdep. ⁹	8,4	3,7	39,3	9,4	13,8
SUM	17,6	25,4	22,9	22,8	23,7

¹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

² Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet og frå 1. oktober 2004 til 21.12.2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet.

³ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

⁴ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet

⁵ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

⁶ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 1.1.2004 gjeld dei Sosialdepartementet og deretter fram til 31.12.2005 gjeld dei Arbeids- og sosialdepartementet.

⁷ Tala frå før 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet

⁸ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

⁹ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet

Tabell 2. Andre dokument (under 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter talet på dokument

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
1. Fornyings- og administrasjonsdep. ¹⁰	26	18	16	7	8	9	18	22	57	42	46
2. Samferdselsdepartementet	15	21	20	16	14	22	25	29	47	41	56
3. Fiskeri- og kystdepartementet	31	20	21	21	18	26	24	27	30	38	34
4. Kommunal- og regionaldep. ¹¹	28	36	32	28	28	14	20	22	29	29	44
5. Nærings- og handelsdep. ¹²	15	16	13	11	8	4	5	15	29	14	2
6. Kultur- og kyrkjedepartementet ¹³	37	34	28	15	29	25	30	24	26	28	27
7. Olje- og energidepartementet ¹⁴	13	15	38	29	21	26	22	21	26	21	21
8. Finansdepartementet	44	36	26	27	17	15	14	11	17	23	18
9. Forsvarsdepartementet	2	10	9	0	3	0	3	10	17	11	8
10. Barne- og likestillingsdep. ¹⁵	37	18	41	13	7	9	15	22	16	34	9
11. Utanriksdepartementet	14	16	67	12	13	20	7	20	15	18	15
12. Justis- og politidepartementet	10	8	32	26	18	20	25	12	14	31	19
13. Arbeids- og inkluderingsdep. ¹⁶	27	30	24	5	7	10	7	38	12	18	15
14. Kunnskapsdepartementet ¹⁷	35	25	21	8	8	7	7	4	9	20	22
15. Helse- og omsorgsdep. ¹⁸					20	11	12	10	8	20	27
16. Landbruks- og matdepartementet	36	18	31	21	- ¹⁹	30	7	40	7	-	-
17. Miljøverndepartementet	42	38	28	20	12	8	6	3	3	2	11
18. Statsministerens kontor					8	11	10	20	14	22	25
SUM	25	22	25	17	13	15	12,6	12,4	15,5	21,6	21,5

¹⁰ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet og frå 1. oktober 2004 til 21.12.2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet.

¹¹ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

¹² Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

¹³ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

¹⁴ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

¹⁵ Tala frå før 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet

¹⁶ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 1.1.2004 gjeld dei Sosialdepartementet og deretter fram til 31.12.2005 gjeld dei Arbeids- og sosialdepartementet.

¹⁷ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

¹⁸ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

¹⁹ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.

Tabell 3. Andre dokument (over 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter sidetal

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
1. Olje- og energidepartementet ²⁰	0	0	0	0	0	0	24	46	62	71	42
2. Landbruks- og matdepartementet	1	0	11	2	- ²¹	0	0	0	33	-	-
3. Fornyings- og administrasjonsdep. ²²	12	8	53	37	8	0	0	3	21	12	9
4. Finansdepartementet	6	15	6	12	4	0	0,0	0	16	4	7
5. Kommunal- og regionaldep. ²³	8	11	22	23	26	4	4	5	10	23	20
6. Fiskeri- og kystdepartementet	-	12	29	0	8	15	3	5	8	0	37
7. Utanriksdepartementet	4	8	0	0	0	7	2	6	6	5	1
8. Kunnskapsdepartementet ²⁴	11	8	18	6	0	16	5	1	6	0	3
9. Helse- og omsorgsdepartementet ²⁵	-	-	-	-	7	9	9	0	6	4	2
10. Barne- og likestillingsdepartementet ²⁶	11	19	24	4	4	3	3	2	2	19	0
11. Kultur- og kyrkjedepartementet ²⁷	13	5	2	5	13	2	25	6	4	26	14
12. Justis- og politidepartementet	2	1	4	4	1	2	5	2	2	1	7
13. Samferdselsdepartementet	0	0	0	0	0	0	12	0	2	28	46
14. Nærings- og handelsdepartementet ²⁸	5	0	0	3	11	5	11	0	0	0	6
15. Arbeids- og inkluderingsdepartementet ²⁹	6	7	20	10	0	0	9	0	0	33	0
16. Forsvarsdepartementet	-	0	-	-	0	0	0	0	0	0	0
17. Miljøverndepartementet	42	30	8	6	19	18	23	0	-	0	34
18. Statsministerens kontor					10	90	0	100	0	100	6
SUM	12	10	13	9	8	6	5,6	4,6	7,7	8,8	8,4

²⁰ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

²¹ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.

²² Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet og frå 1. oktober 2004 til 21.12.2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet.

²³ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

²⁴ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

²⁵ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

²⁶ Tala frå før 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet.

²⁷ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

²⁸ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

²⁹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 1.1.2004 gjeld dei Sosialdepartementet og deretter fram til 31.12.2005 gjeld dei Arbeids- og sosialdepartementet.